

Røysterett med vellukka konsert i Varaldsøy kyrkje

28.11.2015



Røysterett under ein tidlegare konsert.

Torsdag kveld hadde Røysterett for alle julekonsert i Varaldsøy kyrkje. Det vart ei vellukka og god kveldsstund der julestemninga vart kalla fram. Både publikum og koret sjølv var svært fornøgde med kvelden. I tillegg til korsongen var dei også ei viseøkt med koret sin eigen trubadur, Thor Ivar Hellesøy.



[Røysterett for alle gjer seg klar til konsert i Varaldsøy kyrkje](#)

Publikumsframmøtet i Varaldsøy kyrkje var godt, og koret leverte ein flott konsert etter at Hildur Øvsthus hadde ønskt velkommen. Dei hadde heile 15 nummer på programmet, naturleg nok mykje julemusikk. Varaldsøyfolket var imponert over kvaliteten på framføringa, og dei sette stor pris på besøket.

Publikum den kvelden må i aller høgaste grad også kallast sakkynndig! Konserten kolliderte med øvingskvelden til det lokale koret. Men det gjorde slett ikkje at dei gjekk glipp av konserten. Dirigenten deira, Reidar Algerøy, tok like godt med seg koret til Varaldsøy kyrkje. Der fekk dei oppleve ein flott konsert som publikummarar.

For **Røysterett for alle** var det kjekt å opptre på ein ny plass. Varaldsøy kyrkje er som kjent størst av dei 12 kyrkjene vi har i kommunen vår. Koret var svært fornøgdde med mottakinga dei fekk på øya.

Røysterett har no eit stort og godt program ferdig innøvd. Kanskje det kunne vore ein tanke med ein nyttårskonsert i Uskedal kyrkje like over nyttår? Nokre av nummera får vi høyre på julekonserten den 13. desember.



Thor Ivar Hellesøy hadde ei fin viseavdeling

Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto: Røysterrett og Ola Matti Mathisen